



## Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 21.09.2016  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
--------------------------	-------	------------------

Thomas Rikstad	H	Kenneth Taule Murberg - H
John Magne Bauge	H	Henning Haugland - H
Johnny Ystebø	SP	Silje Namtvedt - SP
Mai-Liss Sylta Møn	SP	Dag Sætre - SP
Agnes Hoshovde Bernes	V	Ståle Villanger - V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, økonomisjef Sveinung Kvamme, rådgjevar kultur Bente K. Hervik, møtesekretær Arthur Kleiveland

Det var spørjetime før ordinær møtestart. Det vart stillt to skriftlege og sju munnlege spørsmål.

## Saksliste

Saksnr	Tittel
040/2016	Meldingar og referatsaker
041/2016	Nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar
042/2016	Salsløyve i nytt lokale - Rema 1000 Manger
043/2016	Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke
044/2016	Forlengig av sal- og skjenkeløyve 2016-2020
045/2016	Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i bergensregionen og avvikling av dagens Bergen og Omland havnevesen (BOH)
046/2016	Budsjettregulering september 2016
047/2016	Etablering av førebuande fellesnemnd
048/2016	Forslag til endring av konsesjonslova, jordlova og lov om odelsretten og odelslova
049/2016	Tilbakebetaling av oppteke startlån 2016
050/2016	Kloakksanering Manger - nytt reinseanlegg
051/2016	Nye garderober Manger skule

## 040/2016: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til etterretning.

### Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

---

## 041/2016: Nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

### Behandling:

Rådgjevar kultur, Bente K. Hervik, orienterte om arbeidet med nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Ei av målsetjingane er å få tydelegare retningslinjer for kven som skal få - og kven som ikkje skal få kulturmidlar. Hervik framheva også aktivitet som viktig grunnlag for tildeling.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) vil ha ein større pott til "andre lag og organisasjonar".

### Ho sette fram følgjande endringsframlegg:

-Nytt punkt 3: Andre kulturaktivitetar får 15-20 prosent av kulturmidlane. Inntil 5 prosent kan takast frå kategori c.

-Ungdomsklubben Rufy får 15 000 kroner i årleg tilskot (indeksregulert), og Radøy kommune dekkar kostnaden med to støttekontaktar tre timar ein gong i veka.

Leif Taule (Sp) gav honnør for arbeidet med nye retningslinjer. Han trekte fram motorsamlinga på Storheim og gardsmuseet på Nordanger som eksempel på private samlingar som han meiner også fortener å få ein kommunal støtte. Taule ber administrasjonen/formannskapet sjå på kva opning det kan vera å gje desse eldsjelene ei handsrekning.

Ordføraren viste til at private vil kunna søkja om prosjektstøtte innanfor retningslinjene.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) vart sett opp mot punkt 1 i formannskapstilrådinga og fall mot 3 røyster (2 KrF, 1 Ap).

Kommunestyret vedtok samrøystes punkt 2 i formannskapstilrådinga.

### Vedtak:

Utkast til retningslinjer for tildeling av kulturmidlar i Radøy kommune vert vedtatt slik det ligg føre.

Løyvinga på 375 000 kroner til driftsmidlar til lag og organisasjonar i budsjettet for 2016 vert omfordelt slik: 360 000 kroner til driftsmidlar til lag og organisasjonar og 15 000 til tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg.

---

042/2016: Salsløyve i nytt lokale - Rema 1000 Manger

**Behandling:**

Denne saka har ikkje vore til handsaming i formannskapet. På grunn av tidsomsyn knytt til opning av ny butikk og dato for neste møte i kommunestyret, valde ordføraren å ta denne saka direkte i kommunestyret.

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 gjev kommunestyret salsløyve til Tore Nesse AS/Rema 1000 (org. nr. 980017206). Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.11.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Rema 1000, Manger i Radøyvegen 1675.
4. Styrar for løyvet er Tore Lie Nesse med Evy Borge som stadfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

---

043/2016: Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke

**Behandling:**

Frode Hervik (V) ønskjer ikkje ytterlegare innskjerping av alkohollova og meiner det ikkje er gode grunnar for å nekta sal av alkohol på julafta og avgrensa opningstid for alkohol i butikk på kvardagar frå kl. 08.00 til kl. 09.00. Han signaliserte at Venstre og Frp ville røysta mot dette.

*På vegne av Venstre og Frp sette Hervik fram følgjande framlegg:*

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre, med unntak av pkt 2e, som vert stroke.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) meiner det er eit viktig signal å vedta forbod mot sal av alkohol på julafta. Ho synest også det er positivt å utsetja sal av alkohol i butikk til kl. 9.00, ikkje minst for å skjerma barn og unge på skuleveg for moglege uheldige episodar i møte med dei som har behov for å skaffa seg alkohol så tidleg på dag.

Framlegget frå Frode Hervik (V) vart sett opp mot formannskapet si tilråding.

Kommunestyret vedtok formannskapstilrådinga mot 4 røyster (Venstre og Frp).

Vedtak:

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre.

---

044/2016: Forlengig av sal- og skjenkeløyve 2016-2020

Behandling:

Ordføraren ba kommunestyret ta stilling til mogleg inhabilitet for Roy Bø (Frp) på grunn av eigarinteresser, David Pletten Aasgard (KrF) og Thomas Rikstad (H) på grunn av nært slektskap på eigarsida.

Kommunestyret kjende dei tre representantane inhabile og dei deltok ikkje i handsaminga. Det var difor 22 røysteføre i denne saka.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 forlenger kommunestyret skjenkeløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

**Bøvågen øl og vinstue (org.nr. 994548948):**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Skjenkeløyvet gjeld i bygg på gnr. 24 , bnr. 295 for innandørs lokale på omlag 150m2, og for uteservering på terrasse (omlag 85 m2) i tilknytning til nemnde lokale.
4. Som skjenkestyrar vert godkjent Øystein Rikstad med Jostein Rikstad og Svein Rikstad som stedfortredarar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei

kvar tid føreliggja.

**Radøystova (org. nr. 983984649):**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld for selskapslokale på ca. 130 m2 og for uteareal på ca. 120 m2.
4. Løyvet gjeld for slutta selskap, der matservering er ein del av programmet.
5. Som skjenkestyrar vert godkjent Janne Pletten med Arve Gjellesvik som stedfortredar.
6. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
7. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
8. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
9. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

**Kvalheim Fritidssenter AS (org. nr. 05056318064)**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Skjenkeløyvet gjeld for innandørs lokale på 160 m2, og for uteservering på terrasse (140 m2).
4. Som skjenkestyrar vert godkjent Anne-Sophie Lindahl med Pawel Targonski som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1 2. ledd og 3-7 forlenger kommunestyret salsløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

**Coop Hordaland (org. nr. 982594421)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Coop Ekstra, Manger.
4. Styrar for løyvet er Bjarne A. Larsen med Kjersti Kartveit som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

**Bunnpris Austmarka AS (org. nr. 915159508)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.

3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bunnpris Austmarka AS.
4. Styrar for løyvet er Christian Næss med May Sissel Hospdal som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

**Tore Nesse AS/Rema 1000 (org. nr. 980017206)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Rema 1000, Manger.
4. Styrar for løyvet er Tore Lie Nesse med Evy Borge som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

**Bøvågen Mat AS (org. nr. 985297908)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bøvågen Mat AS.
4. Styrar for løyvet er Frode Myking med Kari Valdersnes Marøy som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

**Sletta Handel As (org. nr. 960412192)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
  2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
  3. Løyvet gjeld på utsalstaden Sletta handel As.
  4. Styrar for løyvet er Vibece Pletten Aasgard med Claus Pletten som stedfortredar.
  5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
  6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
  7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.
-

045/2016: Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i bergensregionen og avvikling av dagens Bergen og Omland havnevesen (BOH)

**Behandling:**

På grunn av vervet som leiar i hamnerådet i BOH sa ordførar Jon Askeland seg inhabil. Kommunestyret kjende ordføraren inhabil, og han deltok ikkje i handsaminga. Varaordførar Jostein Borlaug overtok som møteleiar i saka.

Borlaug peika på ein feil i saksutgreiing/vedtaks-tilråding knytt til Radøy sin eigardel og aksjekapital i det nye hamneselskapet.

Rådmannen viste til at Radøy kommune skal ha ein prosent av den samla aksjekapitalen på 10 millionar kroner, og for Radøy sin del utgjør dette 100 000 kroner - ikkje 50 000 kroner slik saksutgreiing/vedtakstilråding

*På denne bakgrunn vart det sett fram følgjande endringsframlegg til punkt 4 i formannskapstilrådinga:*

Radøy kommune skyt inn aksjekapital kr 100 000,- i det nye hamneselskapet. Kjøp av aksjane skal først i investeringsrekneskapen, og verdien vert ført i balansen som anleggsmidlar. Finansiering ved bruk av disposisjonsfond kr 100 000,-.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga, med endringsframlegg sett fram i møtet.

**Vedtak:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune godkjenner «Intensjonsavtalen av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid – datert 17.06.2016.
2. Formannskapet får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane.
3. Formannskapet får fullmakt til å avvikla BOH når eit nytt selskap for den framtidige hamneverksemnda er etablert i samsvar med pkt 2.
4. Radøy kommune skyt inn aksjekapital kr 100.000 i det nye hamneselskapet. Kjøp av aksjane skal først i investeringsrekneskapen, og verdien vert ført i balansen som anleggsmidlar. Finansiering ved bruk av disposisjonsfond kr 100.000,-.

---

046/2016: Budsjettregulering september 2016



Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om bakgrunnen for orienteringa.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

Vedtak:

**Budsjett 2016 vert regulering i samsvar med følgjande forenkla skjema 1A og 1B:**

<b>Budsjettregulering september 2016</b>			
	<b>Budsjett 2016 regulert</b>	<b>Budsjett- regulering</b>	<b>Prognose regulert</b>
<b>Ramme for drifta (skjema 1a)</b>			
Skatt på inntekt og formue	122 257 000	-10 871 000	111 386 000
Rammetilskot	148 523 000	10 792 000	159 315 000
Eigedomsskatt	12 331 000		12 331 000
Generelle statstilskot	9 440 000	1 604 000	11 044 000
Renteinntekter og utbytte	3 713 000	194 000	3 907 000
Renteutgifter	5 482 000	75 000	5 557 000
Avdragsutgifter	8 200 000		8 200 000
<b>Sum frie inntekter før fondsbruk</b>	<b>282 582 000</b>	<b>1 644 000</b>	<b>284 226 000</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>			
Stab og fellestenester	18 119 849		18 119 849
Oppvekst	107 779 821	270 000	108 049 821
Helse og omsorg	125 757 318	569 000	126 326 318
Drift og forvaltning	27 421 868	805 000	28 226 868
<b>Sum drift</b>	<b>279 078 856</b>	<b>1 644 000</b>	<b>280 722 856</b>
<b>Netto</b>	<b>3 503 144</b>	<b>-</b>	<b>3 503 144</b>

---

047/2016: Etablering av førebuande fellesnemnd

Behandling:

Leif Taule (Sp) stilte krav om forholdstalsval.

Det er nok at ein representant stiller krav om dette.

Leif Taule ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det stilt følgjande lister til val av medlemmer til fellesnemnda:

Fellesliste Sp/Ap:

Jon Askeland  
Jostein Borlaug  
Laila S. Pletten

Varamedlemer:

1. Kirsti Gjetle Floen
2. Silje Namtvedt
3. Morgan Taule
4. Anne B. Bø Palmesen
5. Leif Taule

Fellesliste H/Frp/V/KrF:

Kenneth Taule Murberg  
Else Marie Skartveit Dale

Varamedlemer:

1. Frode Hervik
2. Wenche T. Kalnes
3. Vidar Grindheim

Ordføreren orienterte om d'Hondts metode for utrekning av kor mange kandidatar kvar liste skal ha.

Etter dette er følgjande kandidatar valde som medlemar/varamedlemer til fellesnemnda:

Fellesliste Sp/Ap:

Jon Askeland  
Jostein Borlaug  
Laila S. Pletten

Varamedlemer:

1. Kirsti G. Floen
2. Silje Namtvedt
3. Morgan Taule
4. Anne B. Bø Palmesen
5. Leif Taule

Fellesliste H/Frp/V/KrF:

Kenneth Murberg

Else Marie Skartveit Dale

Varamedlemer:

1. Frode Hervik
2. Wenche T. Kalnes
3. Vidar Grindheim

Kommunestyret vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tillegg til val av medlemer gjennomført med forholdstalsval.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å etablere ei «Førebuande fellesnemnd» som skal starta arbeidet med å førebu samanslåing og koordinere samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.

«Førebuande fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy og får slik samansetjing:

Frå Lindås kommune: 10 representantar + 10 personlege varamedlemmar

Frå Meland kommune: 6 representantar + 6 personlege varamedlemmar

Frå Radøy kommune: 5 representantar + varamedlemmar

*Følgjande medlemmar vert valde frå Radøy kommune:*

Fellesliste Sp/Ap:

Jon Askeland  
Jostein Borlaug  
Laila S. Pletten

Varamedlemer:

1. Kirsti G. Floen
2. Silje Namtvedt
3. Morgan Taule
4. Anne B. Bø Palmesen
5. Leif Taule

Fellesliste H/Frp/V/KrF:

Kenneth Murberg  
Else Marie Skartveit Dale

Varamedlemer:

1. Frode Hervik
2. Wenche T. Kalnes
3. Vidar Grindheim

Tillitsvalde i Radøy kommune vel to medlemmar til partsamansett utval.

---

048/2016: Forslag til endring av konsesjonslova, jordlova og lov om odelsretten og odelslova

#### Behandling:

*På vegne av Høgre og Frp sette Normann Sæbø fram følgjande forslag:*

Radøy kommune støttar Landbruks- og matdepartementet sitt høyringsnotat «Forslag til endring av lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv., lov om jord (jordlova) og lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova).

Framlegget frå H/Frp vart sett opp mot formannskapet si tilråding.

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding mot 7 røyster (H/Frp).

#### Vedtak:

Radøy kommune syner til Landbruks- og matdepartementet sitt høyringsnotat «Forslag til endring av lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv., lov om jord (jordlova) og lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova) dagsett 27.juni 2016, og har følgjande uttale:

Radøy kommune:

- støttar at avgrensing i beløpsgrense knytt til priskontroll vert fastsett i eige forskrift og at arealgrense for priskontroll vert teke inn i konsesjonslova.
- frårår å heva arealgrensa for konsesjonskrav, odelsrett og buplikt frå 25 til 35 dekar full- og overflatedyrka jord.
- støttar forslaget om oppheving av kravet om priskontroll på reine skogeigedomar og å oppretthalda kravet på eigedomar med skog og meir jordbruksareal enn konsesjonsgrensa (25/35 dekar full- eller overflatedyrka jord).
- støttar departementet sitt forslag til forenklingar knytta til overdraging av eigedom/areal som tilleggsjord til naboeigedom.
- støttar departementet sine forslag til endring i driveplikta, forutan å fjerna kravet om 10 års leigeavtale for å oppfylla driveplikta ved bortleige.
- frårår departementet sitt forslag om endringar knytt til deling av landbrukseigedom etter jordlova.

---

049/2016: Tilbakebetaling av oppteke startlån 2016

**Behandling:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

**Vedtak:**

Oppteke lån i Husbanken til vidare utlån i 2016, kr 3.000.000 vert betalt attende til Husbanken 3.10.2016.

---

050/2016: Kloakksanering Manger - nytt reinseanlegg

**Behandling:**

Rådmannen orienterte om prosessen med nytt reinseanlegg for Manger. Saka var til politisk behandling i 2016, og vart stoppa på grunn av høge kostnader. Politikarane bestilte ei vurdering av reinsemetode og plassering - og kostnader knytt til det. Rådmannen viste til at det i fjor var knytt investeringsmidlar til prosjektet, men at det i denne omgang handlar om eit prinsippvedtak om reinsemetode og plassering.

Leiaren i kommunal byggjenemnd, John M. Bauge (H), uttrykte glede over at prosjektet er på skinner igjen. Han meiner Manger-kaien er det beste alternativet for plassering av reinseanlegget, og viste til at dette er eit luktfritt anlegg som også mange stader er plassert inne i bustadfelt.

*Bauge sette fram følgjande framlegg:*

Reinseanlegget vert lokalisert på Manger-kaien.

Frode Hervik (V) gav uttrykk for skepsis til å plassera eit reinseanlegg på Manger-kaien, og meinte eit reinseanlegg ikkje vil vera ideelt som nabo til mogleg framtidig næringsmiddelindustri eller bustadområde.

Martin Soltveit (Sp) beklaga at eigartilhøva ikkje er godt nok avklart i høve til alternativet ved Mangernesvegen. Grunneigar har gjort det klart at han ikkje ønskjer frivillig å gje grunn til reinseanlegget.

*På bakgrunn av debatten sette ordførar Jon Askeland fram følgjande framlegg:*

Nytt reinseanlegg Manger vert bygd som trykksilanlegg, plassert i området ved Manger kai. Rådmannen kjem tilbake med endeleg plassering i samband med budsjett 2017. Finansiering av reinseanlegget vert å koma tilbake til i budsjett for 2017.

John M. Bauge (H) trekte sitt framlegg.

Kommunestyret vedtok samrøystes ordførar Jon Askeland sitt framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Nytt reinseanlegg Manger vert bygd som trykksilanlegg, plassert i området ved Manger kai. Rådmannen kjem tilbake med endeleg plassering i samband med budsjett 2017.

Finansiering av reinseanlegget vert å koma tilbake til i budsjett for 2017.

---

051/2016: Nye garderobar Manger skule

Behandling:

Ordførar Jon Askeland orienterte om planane for nye garderobar på Manger skule, eit prosjekt som også omfattar at scena i gymsalen skal fjernast for å få betre plass til ulike samlingar på skulen. Småskulen vil også få betre moglegheit til å ha kroppsøving i gymsalen.

Vidar Grindheim (H) stilte spørsmål ved om det er særskilde forhold som gjer at det er så stor prisskilnad på dei to innkomne tilboda. Rådmannen svara at anbudsutlysinga skal vera dekkja inn på ein måte som sikrar at det tilbydarane har leverer på det same.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilsrådinga.

Vedtak:

Radøy kommune vel å setja i gang arbeida med bygging av nye garderobar i samsvar med utarbeidd prosjekt. Totalkostnad på prosjektet vert godkjent til kr. 4.812.500,- inkl mva.

Prosjektet kan starta i 2016 og ferdigstillast i 2017. Arbeid utført i 2016 tilsvarer budsjetttramma i 2016 på kr. 2.500.000,- og at resterande arbeid med kostnadsramme på kr. 2.312.500,- skal utførast i 2017. Løyving for arbeidet neste år vert å koma tilbake til i samband med budsjettvedtaket for 2017.

Administrasjonen kallar Åsane Byggmesterforretning AS inn til kontraktsmøte med sikte på kontrakt straks klagefrist for avgjerda om tildelinga er utgått.

Saka vert oversendt den kommunale byggjenemnda. Medlemene i byggjenemnda vert utvida med rektor Inger Morken Ellingsen. Det vert elles føresett at byggjenemnda knyter til seg fagkompetanse når dette viser seg å vera naudsynt.

---